

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 121	15/2396

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
115/2017	Formannskapet	PS	18.10.2017

Høyringsuttale - Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018 - 2029

Vedlegg:

Forslag-til-investeringsprogram-for-fylkevegnettet-til-rtp-hordaland-2018-2029

Høyringsuttale, Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

Forslag til uttale - Høyring - Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hordaland Fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, har i e-post av 13.09.2017 invitert kommunar, statlege etatar, organisasjonar og andre interesserte til å kome med uttale til investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Høyringsfristen er 20. oktober 2017. Høyringsdokumenta er lagt ut på www.hordaland.no. Lenken til høyringssida er:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/du-kan-paverke/hoyring--investeringsprogram-for-fylkesvegnettet-til-rtp/>

Investeringsprogrammet følgjer Regional Transportplan Hordaland 2018 – 2019 (RTP), vedteke i fylkestinget 13.06.2017. Kommunestyret gav uttale til RTP i sak 32/2017, møte 29.03.2017. Kommunestyret sin innspel er ikkje tekne til følgje, m.a. innspel om at Fv. 564 frå Frekhaug til Rossland må få status som overordna fylkesveg, at Fv. 57 frå Knarvik til Mongstad må få status som riksveg eller satsinga på Sambandet vest. Sambandet Vest er rett nok omtala som eit interkommunalt prosjekt.

Investeringsprogrammet er eit av fleire tiltak/strategiar som skal bidra til at målsettingane i RTP blir innfridd. Dei økonomiske rammene er fordelt på drifts- og vedlikehaldsprogrammet og investeringsprogrammet. Prioritering av tiltak byggjer på ei rekkje faglege rapportar, m.a. om såkalla Strekningsvise utgreiingar og Punktwise utgreiingar, og ein eigen strategi for drift og vedlikehald som fylkestinget vedtok i desember 2016. Det er gjort nærare greie for bakgrunnsdokumentasjonen i investeringsprogrammet s. 10.

Vurdering

Det går fram av rekneskapsrapport for 2013 – 2017 at dei faste driftsutgiftene til fylkesvegnettet har auka, medan utgifter til vedlikehald har gått ned. Bruvedlikehald og dekkelegging er gått mest ned. Driftskontraktane har blitt gradvis dyrare og vedlikehald er blitt salderlingspost. Fylkeskommunen

erkjenner at på grunn av budsjettsituasjonen er Hordaland eit av dei fylka i landet som har høgast del av fylkesvegnettet med dårleg asfalt, og at utviklinga går i feil retning.

Investeringane i Hordaland (utanom Bergen) gjekk ned i 2015 men har deretter auka igjen. Det er særleg midlar til mindre utbetringar, standardhevingstiltak, gang- og sykkeltiltak og planlegging som har auka. Generelle trafikksikringstiltak er redusert. Tiltaka speglar det låge vedlikehaldsbudsjettet.

For Nordhordland eller Meland sin del er det ikkje gjennomført særskilte punktutbetringar eller store strekningsvise utbetringar på fylkesvegnettet i førre planperiode.

For perioden 2018 – 2029 er dagens nivå for ein stor del vidareført, både for driftsbudsjettet sin del og investeringsprogrammet. Summane går fram på side 22 i programmet.

Aktuelle tiltak i Meland bør t.d.kunne vere spleiselag der kommunen likevel skal leggje vatn- og avlaupsleidningar langs fylkesveg, t.d. Rossland – Landsvik, for å utbetre vegen eller legge til rette for gang- og sykkelveg. Der har det ikkje lukkast å nå fram. Vidare kan statlege tilskotsordningar t.d. for sykkelsatsing vere aktuelt, men der er det krav om 50 % eigenandel. Då er det prioriteringane i sjølve investeringsprogrammet ein må sjå på.

For å få midlane til å strekke til, vurderer fylkeskommunen å redusere vegdrifta, dvs redusere driftsstandarden på det øvrige vegnettet – som det er mest av i Meland. Det gjeld redusert vinterdrift, brøyting/strøing haldeplassar, kosting og vårreingjering, asfaltreparasjonar, kantslått. Fylkeskommune er tydeleg på at det inneber å la mindre viktige vegstrekningar forfalle, for å styrke driften av dei mest tafikkerte strekningane. Mindre viktige vegstrekningar er t.d. strekningar med låg trafikk, der det eksisterer alternative omkøyringsvegar. Tiltaket er gjort greie for i pkt 5.1.2.1 i dokumentet.

Andre løysingar er å vurdere vegstandard ved enkeltvise utbetringar, og forenkla løysingar ved framføring av gang-og sykkelvegar. Det er elles tilrådd å sette av del midlar til planlegging, då godkjente reguleringsplanar er grunnleggande for gjennomføring av større tiltak. Dette gjeld kommunane Sveio, Etne, Odda, Kvinnherad, Stord, Austevoll, Bømlo, Kvam og Lindås; siste er reguleringsplan for ny Alversund bru. I tillegg er det reguleringsplanarbeid på gang for Nordhordlandspakken; her er Meland rikeleg representert. Planarbeid langs Fv 57 i Lindås og Austrheim blir ferdig i 2017.

Av større strekningsvise utgreiingar som det er behov for i Nordhordland, er ny Alversund bru sett opp som første prioritet. Deretter kjem Fv. 57 Knarvik – Mongstad og Fv. 566 på Osterøy. Tiltak her er likevel avhengig av ei betre finansiering enn i dag.

Det er elles gjort greie for alle bompengepakkeane og kva dei krev av fylkeskommunal innsats, fordeling av rassikringsmidlar, midlar til fornying og opprusting, midlar til tunnelar og til bruer og kaiar, forsterking av utsette parti. Meland har fått ein mindre sum til forsterking av utsette parti langs Fv. 245 Grasdal – Ådland. Endeleg er det ei oversikt over tidlegare forskotteringsvedtak, der Frank Mohn AS si forskottering av arbeidet med Fv. 564 Dalstø – Mjåtveit skal tilbakebetalast.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Ikkje relevant for denne saka

Konklusjon

Rådmannen vurderer at Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet 2018 – 2029 er eit godt og gjennomarbeida dokument. Fylkeskommunen erkjenner at tilgjengelege midlar er mykje mindre enn det er behov for, både når det gjeld driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet. Med utgangspunkt i kva som er mogeleg å få til innafør gjeldande økonomiske ramar, meiner rådmannen at det er gjort gode vurderingar når framlegg til investeringsprogram er lagt fram.

Det er uheldig om fylkesvegane i Meland skulle få dårlegare driftsstandard enn før. På grunn av manglande omkøyringsveggar er det lite sannsynleg at så skjer. Det er ikkje gjort greie for i detalj kva som definerer ein omkøyringsveg; dersom det skulle kome framlegg om redusert driftsnivå i Meland, må fylkeskommunen ta kontakt med kommunen for ei konkret vurdering av situasjonen.

Dersom statlege ytringar om betydningen av ein velfungerande transportsektor skal takst på alvor, bør overføringane til fylkeskommunale samferdselsbudsjett aukast kraftig.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet i Meland har ingen merknader til framlegg til investeringar i fylkesvegnettet slik det går fram av kapittel 5.3 i Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018 – 2029. Det er av stor betydning at planarbeidet knytt til Nordhordlandspakken held fram, slik det er gjort greie for i kapittel 5.2.1.»

Formannskapet - 115/2017

FS - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

Det er av stor betydning at planarbeidet knytt til Nordhordlandspakken held fram, slik det er gjort greie for i kapittel 5.2.1. i investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029.

Formannskapet i Meland viser også til regionrådet i Nordhordland sin høyringsuttale og sluttar seg til den.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Det er av stor betydning at planarbeidet knytt til Nordhordlandspakken held fram, slik det er gjort greie for i kapittel 5.2.1. i investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029.

Formannskapet i Meland viser også til regionrådet i Nordhordland sin høyringsuttale og sluttar seg til den.